



Tokke

SHA -Plan

Tokke skule – tilbygg og ombygging/ rehabilitering.

BYGGHERRENS PLAN FOR SIKKERHET, HELSE OG ARBEIDSMILJØ



Innhold

Samandrag:	3
Målsetting.....	4
Målsetting for prosjektet er:.....	4
Prosjekterings- og planleggingsarbeidet skal bidrage til:	4
Haldning	4
Aktøranes haldning skal være at:	4
Distribusjon og ajourføring av planen	5
Distribusjonsliste for SHA-plan. Tabell 1	6
PROSJEKT- OG ANLEGGSBESKRIVING	7
Prosjekt- og anleggsbeskriving.....	7
ORGANISASJON	7
Prosjektorganisering	7
SHA organisering	8
FRAMDRIFTSPLAN.....	8
Førebels overordna framdriftsplan for prosjektet er som følger:.....	8
SPESIFIKKE TILTAK.....	9
Oversikt over risikofylte arbeider.....	9
RUTINE FOR ENDRINGAR OG OPPDATERING AV SHA-PLAN	11
Rapportering av avvik frå SHA-planen	11
Entreprenørens plikt	12
Byggherres plikt	12
HMS-avvik	12
Endringer og oppdatering av SHA-plan	12

Samandrag:

Dette er byggherrens plan for Sikkerhet, Helse og Arbeidsmiljø for arbeid med tilbygg og ombygging/ rehabilitering av Tokke skule. Byggherre er Tokke kommune. Arbeida er planlagt utførte 2026 -2027.

Byggherrens SHA-plan er byggherrens styringsdokument for å sikre fokus på SHA i byggeprosjekter.

Byggherrens SHA-plan er utarbeidt i samsvar med Forskrift om sikkerhet, helse og arbeidsmiljø på bygge- og anleggsplassar (Byggherreforskriften) § 7.

Planen definerar:

- Prosjektets omfang og framdrift.
- Involvera partar med roller, oppgåver og ansvar.
- Førebyggende tiltak.
- Risikofylte forhold.
- Avviksbehandling.

Rapporteringsstatus:

☒ Endelig

☐ Oversendingfor kommentar

☐ Utkast

Utarbeida av: John Kjell Lien, Tokke kommune	Sign.: JKL
Kontrollera av: Arvid Moen, Tokke kommune	Sign.: AM
Prosjektleder: John Kjell Lien, Tokke kommune	Prosjekteigar: Tokke kommune v/ kommunedirektør Finn Arne Askje

Revisjonshistorikk:

Rev	Dato	Beskriving	Utarbeidet av	Kontrollert av
0	17.02.2025	Fyrste utgåve	JKL	AM
1				

Målsetting

Målsetting for prosjektet er:

- Null skader ved bygge- og anleggsarbeida.
- Eit godt og sikkert arbeidsmiljø på anleggsplassen.

Målsetting med SHA-planen og vernearbeidet er å førebygge skader på personer og materiell, slik at prosjektet gjennomføres:

- Utan personskader i arbeidet.
- Utan tap av verdier.
- Utan skader på 3. person.
- Utan tap av renome.

Prosjekterings- og planleggingsarbeidet skal bidrage til:

- At byggearbeidene skal kunne gjennomføres utan unødvendige belastningar på mennesker eller omgjevnadar.
- Å redusere mengda, samt ha miljørett håndtering av avfall frå byggearbeida.
- At byggearbeida planleggast med tanke på i størst mogleg grad å unngå farlege og risikofylte arbeidsoperasjonar på byggeplassen.
- At der prosjekteringsgruppa ser/ oppdagar moglege farer i byggearbeida, skal tiltak bli føreslege og dokumenterast i dette dokumentet.

Haldning

Aktørane haldning skal vere at:

- Alle skadar kan unngåast.
- Det er eit leiaransvar å gjer det ein kan for hindre skader.
- Vern, sikkerheit og godt arbeidsmiljø er like viktig som produksjon, marknadsføring og kostnader.
- Det er viktig å lære tilsette å arbeide sikkert.
- Manglar skal rettast straks.
- Reglar og bestemmingar skal haldast for å hindre uhell.
- Vernerundar skal gjennomførast for å oppretthalde dei tilsette sin sikkerheit.

- Open kommunikasjon blant medarbeiderar og leiarar når det blir oppdaga uforutsette risikomoment ("Det er ingen skam å snu").
- Omsut for kollegaer.

Distribusjon og ajourføring av planen

Byggherren har ansvar for ajourføring og distribusjon av SHA-plan.

Mottakerar av planen i samsvar med tabell 1 skal distribuere dokumentet til eige mannskap og sjå til at dokumentet er kjent for desse. Det er eit arbeidsgjevaransvar å gje informasjonen vidare til arbeidstakarane.

Dette gjeld også arbeidsgjevarar på plassen som byggherren ikkje har kontrakt med, f.eks. underentreprenører og deires kontraktspartnerar mv.

Plane skal gjerast kjent ved at byggherren pålegg sine kontraktspartnerar å distribuere denne vidare til sine UE og tilsette, inklusive enkeltpersonføretak.

Oppdatera og gjeldande SHA-plan skal i tillegg vere lett å finne på bygge- eller anleggsplassen.

Distribusjonsliste for SHA-plan. Tabell 1

Distribusjonsliste		
Navn	Funksjon	Organisasjon / Firma
Finn Arne Askje	Prosjekteigar	Tokke kommune
John Kjell Lien	Prosjektleder	Tokke kommune
Ikkje avklara	Totalentreprenør	
Ikkje avklara	Underentreprenør	
Ikkje avklara	Underentreprenør	
Ikkje avklara	Underentreprenør	

Denne sida i SHA planen skal signerast av mottakar, og returnerast til SHA-KU.

Eg stadfestar at SHA-planen er motteken og lest, og at den gjerast kjent og distribuerast til tilsette og underentreprenørar, inklusive enkeltpersonføretak.

Dato:

.....

.....

Underskrift og firmastempel

PROSJEKT- OG ANLEGGSBESKRIVING

Prosjekt- og anleggsbeskriving

Tokke skule er i dag ein 1-10 skule som også inneheld avdeling for SFO. Det er om lag 160 elevar på skulen i dag og 40 born på SFO. Det er totalt 40 tilsette ved skulen. Av desse er 3-4 i admin/ vaktmester, 36 pedagogar/ tilsette fordela på skule og SFO. Det er planlagt for at Tokke skule skal kunne ha 200 elevar og 50 born på SFO i framtida.

Bygningane i dag er bygd/ ombygd/ tilbygd i fleire omgangar, frå 1955 og til 1998. Bygget er i 2 etasjar, med fleire fløyer bunde saman av innvendige korridorar.

Skulen har eit bygd areal på om lag 1750 m². BTA er fordela om lag slik: kjellar 75m², 1. etasje 1610 m², 2. etasje ca. 1690 m², teknisk rom 50 m² og trapperom, samt uisolera loft. Samla bruttoareal på 3425 m² BTA

Det er tenkt at delar av eksisterande skulebygg skal rivast og delar skal behaldast. Det skal beskrivast løysing både for skulebygg og uteområde.

Tilbydar har undersøkingsplikt. Ved rehabilitering og nybygg/ tilbygg til skulen er oppgjevne mål og dimensjonar til orientering. Tilbydar skal sjølv take dei naudsynte mål før bestilling og produksjon av kontraktarbeidet setas i gang.

Den gamle delen av skule, Liofløyen mot vest skal behaldast og renoverast. Spesialrom i denne fløyen skal vidareførast. Resterande areal i dette bygget kan bli føreslege av tilbydar til anna bruk ved ombygging/ tilpassing av arealet slik at det blir ein del av det totale skulearealet. Denne fløyen inneheld heis.

Resterande bygningsmasse kan rivas.

ORGANISASJON

Prosjektorganisering

I prosjektet er fylgande aktørar involvera med spesifisera roller:

Tiltakshavar/Byggherre:

- Tokke kommune

Finn Arne Askje

Prosjektadministrasjon:

- Byggherres prosjektleiar Tokke kommune
- Byggherres representant Tokke kommune

John Kjell Lien

John Kjell Lien

Ansvarlig prosjekterende:

- Rådg. Ing. Bygg (RIB) Ikkje avklara
- Rådg. Ing VVS (RIV) Ikkje avklara
- Rådg. Ing el. (RIE) Ikkje avklara

Entreprenør:

SHA – Plan. Tokke skule – tilbygg og ombygging/ rehabilitering.

- Totalentreprenør

Ikkje avklara

Underentreprenørar:

- Ikkje avklara

For liste med kontaktinformasjon over alle med roller i prosjektet, sjå tabell 1.

SHA organisering

Overordnet SHA-tjeneste er organisert som følger:

- Prosjektleder SHA Ikkje avklara
- SHA-koordinator, prosjektering Ikkje avklara
- SHA-koordinator, utføring Ikkje avklara

Vernetjenesta på byggeplassen er organisera som følger:

- Hovedbedrift: Ikkje avklara
- Verneombod: Ikkje avklara

Hovudbedrift skal ha navngjeve verneombod på byggeplassen. Navngjeve verneombod skal vere registrera i hovudbedrifta sin verneplan.

FRAMDRIFTSPLAN

Framdriftsplanen skal beskrive når og kvar dei ulike arbeidsoperasjonane skal utførast. I framdriftsplanane skal det vere avsett tilstrekkelig med tid til prosjektering og utføring av dei forskjellige arbeidsoperasjonane. Framdriftsplanen skal take omsyn til samordning av dei forskjellige arbeidsoperasjonane.

Merk at Hovudframdriftsplanen skal vere den gjeldande framdriftsplanen for prosjektet. Det tyder at SHA- planen må revideras og distribueras dersom framdriftsplanen blir revidera.

Førebels overordna framdriftsplan for prosjektet er som følger:

- Anbudsfrist veke 48/2025
- Evaluering av anbod/ dialog veke 50/ 2025 – 5/ 2026
- Vedtak i kommunestyre veke 7/ 2026
- Kontrahering veke 9/29026
- Vedståingsfrist, anbod veke 14/ 2026
- Detaljprosjektering veke 10-26/ 2026
- Oppstart byggeplass veke 27/ 2026
- Ferdigstilling/ overtaking veke 32/8 2027

SPESIFIKKE TILTAK

I dette kapitlet beskriv ein spesifikke tiltak knytt til arbeid som kan vere til fare for liv eller helse. Dei spesifikke tiltaka er basera på risikovurderingar Tokke kommune som byggherre har utført i samband med planlegging og prosjektering av prosjektet.

Spesifikke tiltak beskrive i SHA-planen gjeld for arbeidsoperasjonar med uakseptabelt risikonivå som ein ikkje kunne eliminere eller redusere ved planlegging, prosjektering eller val av løysingar. Ein kunne heller ikkje take var på dette gjennom forskrifter, normale arbeidsinstruksar og sikkerheitsreglar for prosjektet.

Avdekking av risikofylte arbeidsoperasjonar, med fastsetting av førebyggjande tiltak, skal gjerast kontinuerleg gjennom prosjektperioden. SHA-planen skal f.eks. supplerast med spesifikke tiltak knytt til restrisiko ved prosjektert løysing.

I Tabell 2 under er det lista opp risikofylte arbeidsoperasjonar, i fyrste utkast ut frå evaluering gjeve i Prosjektleiingens fareidentifikasjon. Det er viktig at ein under utføring er klar over desse faremomenta og søker å minske farane ved å ha kontinuerleg fokus på SHA.

Oversikt over risikofylte arbeider

Tabell 2

NR	Aktivitet/forhold	Fare/risiko	Spesifikke tiltak	Ansvarleg
1	Arbeid nær installasjon i grunn	Skade på eksisterende infrastruktur som vatn, avløp, strøm og andre tekniske føringer. Materielle skader og personskader.	Påvising av kablar og infrastruktur i grunnen, og eventuell omlegging.	Totalentreprenør
2	Arbeid nær høyspentledninger og elektriske installasjoner	Ombygging og endringer i elektriske installasjoner inne i eksisterende bygg. Materielle skader og personskader.	Påvisning av elektriske føringer og god planlegging ifbm omlegginger og endringer. Samt ved rivingsarbeid.	Totalentreprenør
3	Arbeid på stadar med passerande trafikk	Tilkomst byggeplass: Eksisterande kulturhus skal vere i full drift i byggeperioden. Det vil derfor ikkje vere lov med parkering av kjøretøy ved/i innkjøringa til kulturhuset og idrettshall. P-plass for Vest-Telemark vgs ligg og heilt inntil. Byggeplass ligg heilt inntil fylkesveg. Fare for påkjørsel både for tilsette ved kulturhuset og omkringliggande bygg, samt for arbeiderar på byggeplass. Kan medføre personskade.	Entreprenør må ha full kontroll på alle leveransar til byggeplass. Generelt god merking, skilting og avsperringar (avgrensing av arbeidsområdet). Informasjon til tilsette og naboer.	Totalentreprenør

4	Arbeid som innebærer at personer kan bli skadet ved fall eller av fallende gjenstander	Arbeid i høgda og på tak. Fall fra stillas og maskiner. Særlig fare ved kraning av materiell. Kan medføre personskade.	TilstrekkelEg bruk av sikring, verneutstyr, rekkverk og fallsikring. Bruke rett, sertifisert og godkjent løfteutstyr og stillas. Kontinuerleg rydding, og ikkje la lause gjenstandar ligge på stillas og langs gesimser på tak. God merking, skilting og avsperringer.	Totalentreprenør
5	Arbeid som inneber riving av berande konstruksjonar	Riving av eksisterende bygg. Skade frå fallande objekt, kollaps av konstruksjon under riving.	Avsperring. Nødvendig sikring. Må bli teke vare på i entreprenørens styringssystem.	Totalentreprenør
6	Arbeid som innebe fare for helseskadeleg eksponering for støv, gass, støy eller vibrasjonar	Støv ved rivearbeid. Bruk av roterande arbeidsverktøy. Fare for hørselsskader, kutt, etc.	Riving må utførast på forsvarleg og forskriftsmessig måte, med bruk av nøaudsynt verneutstyr, områdesikring under arbeida og innpakking/fjerning av evt. miljøfarlege material.	Totalentreprenør
7	Arbeid som utsett personer for kjemiske eller biologiske stoff som kan føre til ein belastning for sikkerhet, helse og arbeidsmiljø eller som inneber eit lov- eller forskriftsfesta krav til helsekontroll	Arbeid med helse- og miljøskadelige stoffer. Kan medføre personskade. Aktuelt ved rivearbeid.	Bruke kun godkjente stoff. Bruke naudsynt verneutstyr, ha tilgjengeleg førstehjelpsutstyr og augeskyller. Bruke stoffkartotek. Jmf Miljøkartlegging av bygg, Tokke skule	Totalentreprenør
8	Arbeid med montering og demontering av tunge element	Kraning av elementer. Fare for klemskade.	Naudsynt avskjerming og sikring. Ikke gå under hengande last. Må bli teke vare på i entreprenørens styringssystem.	Totalentreprenør
9	Arbeid som inneber brann- og eksplosjonsfare	Varme arbeid, eksempelvis sveising av takpapp etc. Materielle skader og personskader.	Bruke personell med naudsynt opplæring og kurs. Slokkeutstyr lett tilgjengeleg.	Totalentreprenør
10	Arbeid som inneber fare for helseskadeleg	Tunge løft. Fare for belastningsskader.	Bruke egne løfteutstyr som hjelp.	Totalentreprenør

	ergonomiske belastninger			
11	Arbeid hvor arbeidstakere kan bli utsatt for ras.	Rasfare i byggegrop. Kan medføre personskade.	Forsvarlig helning på graveskråninger, avstiving av grøftevegger og evt spunt.	Totalentreprenør

RUTINE FOR ENDRINGAR OG OPPDATERING AV SHA-PLAN

Rapportering av avvik frå SHA-planen

Byggherren, dei utførande og andre prosjektdeltakerar skal melde avvik frå SHA-planen. Avvika skal skriftleg/muntlig meldas til SHA-koordinator umiddelbart når avviket oppdagas .

Rutinene for avvikshandtering føreset at alle virksomheiter på byggeplass har eit fungerende internkontrollsystem med tilpassingar til prosjektets SHA-plan. Som del av internkontrollsystemet skal alle ha rutiner for oppfylging av avvik.

Eksempel på avvik fra SHA-planen:

- Endring i organisasjonskartet.
- Endring av beskriving av kvasr og når dei ulike arbeidsoperasjonane skal utførast (endring av framdriftsplan i tid eller aktivitetsinnhald).
- Endring av spesifikke tiltak, anten i tid eller av sjølve tiltaket.
- Identifisering av spesifikke tiltak som ikkje har vore beskrive tidligare.
- Omprosjektering som fører til behov for nye/endra tiltak og/eller endring i framdriftsplanen.

SHA-koordinator skal fylge opp alle avvik, dvs. å sørge for at avvika blir behandla og lukka. Byggherrens PL har beslutningsmyndighet til å lukke avvika.

Entreprenørens plikt

Representant frå entreprenør skal straks melde til byggherren når det avdekkes eller oppstår avvik i forhold til organisasjon, framdrift og når nye forhold som krev spesielle tiltak oppstår.

I avviksmeldingen skal det leggest fram for byggherren forslag til løysingar som bidreg til å lukke avviket/avvika

Byggherres plikt

Byggherren skal vurdere avvika, eventuelt drøfte forslag til løysing før beslutning om tiltak takas.

Byggherren skal løpande oppdatere SHA-planen når det oppstår endringar i planføresetnadane som har verknad for arbeidstakaranes liv og helse.

Entreprenøren skal med ein gong orientere sine tilsette og underentreprenørar om endringar og oppdateringar av SHA-planen.


HMS-avvik

HMS avvik (både ulykker, nestenulykker og farlige forhold) skal rapporteras i samsvar med byggherrens gjeldande skjema og rutiner.

Alle avvik skal behandlas i byggemøte med tanke på å klarlegge årsaksforhold og fastsette tiltak for å hindre gjentakning.

Entreprenøren skal sørge for at informasjon og erfaringsoverføring frå avviks-behandlinga blir gjeve til alle som jobbar på det aktuelle prosjektet.

Flytskjemaet til høgre syner prosessen for avviksbehandling.



Endringer og oppdatering av SHA-plan

SHA-koordinator (KU) skal vedlikehalde og ajourføre SHA-planen undervegs i prosjekterings- og byggeprosessen, slik at planen til ei kvar tid samsvarar med dei faktiske forhold.